




SPIRA

Nytt frå Stord og Nysæter kyrkjelydar



Utgåve 1 2019

Om bladet

Ansvaleg utgjevar:

Stord sokneråd og

Nysæter sokneråd

Adresse: Hamnegata 48

5411 Stord

Telefon: 534034340

Web: www.kyrkja-stord.no

E-post: post@kyrkja-stord.no

Kontonummer: 3201.23.04578

(Gåver til kyrkjebladet merkast "SPIRA")

Redaksjon:

Olav Oma (redaktør)

Jørgen Knudsen

Elisabeth Fauskanger

Anders Grov Nilsen

Svein Olav Langåker

Barbro Høyland Andersen

Design:

Barbro Høyland Andersen

Forsidefoto:

Barbro Høyland Andersen

Trykk:

SKAG Design og trykkeri

Opplag: 7000

Utgåve 1/Årgang 1




DEN NORSKE KYRKJA

Stord og Nysæter

Hurra for nytt kyrkjeblad!

Du sit med førsteutgåva av bladet Spira i hendene. Med Spira ynskjer sokneråda i Stord og Nysæter å synleggjera den store og mangfaldige aktiviteteten i kyrkjene våre, og me håpar mange vil ha glede av å lesa bladet.



Stor aktivitet

Kyrkja driv eit omfattande arbeid. No har me akkurat gjennomført heile ti konfirmasjonsgudstenester

i kyrkjene, med tilsaman 150 konfirmantar. Eit stort og flott kull er konfirmerte. Men arbeidet med å styrka og næra trua held fram både før og etter konfirmasjonen.

Nær Gud og nær menneske

Sokneråda våre ynskjer med dette bladet å visa fram litt av arbeidet som vert drive: Visa at kyrkja framleis ynskjer vera nær menneske og nær Gud, og visa litt av korleis vi gjer det.

SOKNEPREST OLAV J. OMA


Populær familieleir på Brandøy

Familieleiren til Stord kyrkjelyd på Brandøy er svært populær.

Leiren skal vera 29.-31. september i år. Få dagar etter at det vart opna for påmelding, var det 110 påmeldte. Det er difor oppretta venteliste. Kjellaug S. Eide tek mot påmeldingar her: kjls@online.no

Det blir godt fellesskap for alle generasjonar, og eigne samlingar for barna og ungdommane på leiren.





Kvilepuls i Nysæter kyrkje

Velkomen til ei kveldsstund i kyrkja kvar tysdag mellom kl. 20.00 og 20.45. Kaffien er klar og du kjem når du vil.

Kvilepuls er eit nytt tiltak i Nysæter kyrkje, som mange er glade for. Her er det rom til å vera stille, lesa

søndagens bibeltekst, be eller lytta til musikk, tenna lys eller vandra rundt i kyrkja på bønestasjonar. Det er anledning til samtale og forbøn om du ynskjer det. Kvelden vert avslutta med ei kort samling med bøn og velsigning.

Til alle småbarnsforeldre!

Velkommen til mat & prat i Nysæter kyrkje kl. 12-14 kvar måndag, med anledning til å treffast, snakka saman, utveksla tankar og oppleve venskap med andre småbarnsforeldre. Det er leikar som barna kan leika med og maten spanderer me.



Sing Sing fyller 50 år

Etter å ha lagt nede frå midten av 90-talet, har koret Sing Sing igjen vakna til liv dei siste åra.

No samlast ungdommar kvar søndag ettermiddag til korøving og andre aktivitetar på Leirvik skule. Dei syng på gudstenester og har konsertar. I tillegg deltek dei på ulike arrangement i Haugaland krets av KFUK/KFUM, der dei er tilslutta. Opp igjennom åra er det

mange hundre ungdommar på Stord som har hatt Sing Sing som ein viktig del av sitt ungdomsmiljø. No vil mange av dei feira med jubileumskonsert i Stord Kyrkje laurdag 1. juni. Jubileumskoret blir leia av Terje Kleppe, ein av dei tidlegare dirigentane i koret. Jubileumskoret tek også del i gudstenesta søndag 2. juni, saman med Oslo-biskop Kari Veiteberg.

TEKST: DAG SELE



Konfirmasjonsdagen - ei minneverdig høgtidsstund

Konfirmanntida går over neste eit heil skuleår, og når eit høgdepunkt på konfirmasjonsdagen.


Fest i kyrkja

Det var festmusikk og festklede. Kyrkjelydspedagog Brynhild Meyer Stautland heldt preika, og ho tok utgangspunkt i alle samværa vi har hatt: Kor fint det har vore å møte konfirmanntane for å eta, synga, be, leika, læra og lytta.

Unik og krossmerkt

Konfirmanntane er unike, kvar og ein. Elska av Gud slik dei er, merkte med krossen for at dei skal hugse at Gud har teke imot dei. Då dei knelte ved altaret fekk me leggja kvar enkelt i Guds hender på nytt. Rosa dei fekk er eit teikn på Hans kjærleik.

TEKST: OLAV J. OMA




Konfirmantåret 2019

150 konfirmantar som vart skrivne inn for eit år sidan har fullført konfirmasjonstida si. Me har hatt fine samlingar, der me har sunge, leika, ledd og ete i saman. Me har lært om Gud og Jesus, delteke i gudstenester, og erfart at kyrkja den er vår.

Konftreff

Det sosiale er viktig i konfirmant-opplegget. Nokre kveldar gjennom året har heile konfirmantgruppa vore samla til konfirmanttreff i Nysæter kyrkje. Då har me ete lappar, leika, sunge og vore saman for å ha det kjekt saman og bli kjent med kvarandre.



Temagudstenester

Dei ulike gruppene fekk ansvar for kvar si temagudsteneste med tema dåp, bøn, misjon og fasteaksjon. Her var konfirmantane med og tok aktivt del heile vegen. Nokon av konfirmantane var med i tensingkoret Sing Sing som song på to av temagudstenestene.



Konfirmantfestival

Første søndag i februar var me med på Konfirmantfestivalen i Langevåg. Der var meir enn 400 konfirmantar med leiarar frå heile Sunnhordland samla, til varierte aktivitetar, konsert, forkynning og volleyball- og innebandy-turnering



Mat og prat

Ein liten flokk med frivillege har vore med og stelt i stand til måltid for konfirmantane. Når dei kom til kyrkja etter skulen var det godt og fint å kunne setja seg ned i saman i kyrkja for å eta og prata før undervisninga begynte. Takk til dei som har ordna så fint for oss.



Nytt konfirmantår

No har me nett hatt innskriving av neste års konfirmantar. Me gler oss til å bli betre kjent med dei. Allereie er 34 konfirmantar er innskrivne i Nysæter, og 127 i Stord. Ynskjer du vera med? Du er velkommen! Ta kontakt med kyrkjekontoret.



Fasteaksjonen

Tysdag før påske var alle konfirmantane med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, der dei samla inn pengar for at fleire skal få tilgang til reint vatn. Til saman samla dei inn 97870,-. Takk til glade gjevarar, og takk til kvar konfirmant for innsatsen!



Dåp i konfirmanttida

Dåpen er ikkje berre for små barn. Kwart år er det både ungdom og vaksne som vel å bli døypt. Ole Martin Sivertsen (14) var ein av dei som vart døypt før konfirmasjonen i Stord kyrkje no i vår.

Korleis var det å bli døypt?

– Det var litt skremmande i starten fordi eg trudde eg skulle vera den einaste, men så fekk eg veta at ein annan konfirmant også skulle bli døypt. Det var veldig kjekt, og veldig mange hyggelege folk.

Kva gjorde du på dåpsdagen?

– Etter dåpen, så tok me nokre bilde med kyrkja og litt sånt, og etter det så køyrde me med familien til kina-restauranten. Me eg fekk ikkje fred så lenge, for seinare måtte eg spela kamp mot Austevoll, seier den aktive fotballspelaren på Stord sitt 2003-2004-lag.

Korleis har konfirmasjonstida vore?

– Det har vore veldig fint og veldig lærerikt. Etter denne tida så har eg lært veldig masse. Og alle i kyrkja er veldig hyggelege.

Er det noko du hugsar som fint med denne tida?

– Ja, det er veldig masse. Nesten alle gongene me er i kyrkja, utanom søndagane så har me leikar, og dei er veldig kjekke. Og all sosialiseringa, det har gjort meg masse bra. No kjenner eg mange nye folk.

TEKST: SVEIN OLAV LANGÅKER
FOTO: PRIVAT



Konfirmant 2020?

Meld på i dag!

No er det tid for å melda seg til konfirmasjon kommande år! Gå til heimesida vår for påmelding til konfirmasjon 2020. Me gler oss til å ta imot eit nytt kull med konfirmantar!

Påmelding her:

www.kyrkja-stord.no



FOTO: BO MATHISEN

Konfirmantminne

Kva hugsar du frå di konfirmanttid eller frå konfirmasjonsdagen? Me har vore ute og spurt utvalde personar om å dela eitt eller fleire minne med oss.



Marte Rommetveit

Då eg tok valet om å konfirmera meg i kyrkja visste eg at eg då også måtte bli døypt. Det var ei spesiell oppleving som 14-åring. Eg hugsar konfirmasjonsførebuinga som sosial og lærerik. Det absolutte høgdepunktet var leiren på Brandøy. Eg drøymde meg ofte tilbake til dei idylliske dagane der, bada i sol.

KONFIRMANT 1994



Johannes Lamo

Konfirmasjonstida mi hugsar eg som ei svært kjekk og sosial tid. Særleg konfirmasjonscampen i Etne var eit utruleg kjekt høgdepunkt som kombinerte det sosiale og læra om kristne verdier.

KONFIRMANT 2014



Håvard Tvedten

Eg hugsar at eg hadde ein fantastisk fin prest, Ludvig Bjerkreim, som var utruleg flink med oss unge. Sermonien i kyrkja hugsar eg ingenting frå. Men me hadde ein flott fest heime hos foreldra mine med både familie og vener. Elles er det jo umuleg å gløyma den korte dressjakka, som eg på den tida opplevde som den kulaste i verda.


KONFIRMANT 1993



Reidun Hagenes

Eg hugsar det var godt å lese noko meir inngåande i Bibelen. Konfirmasjonstida skapte medvit for dei kristne, lyse verdiane som forsoning, nestekjærleik og toleranse. Konfirmasjonsdagen var lys og god, ein dag der eg merka at eg var midtpunktet, eg blei sett. Det var stort.

KONFIRMANT 1954



VIL SKAPA ENGASJEMENT FOR KYRKJA FOR NYE GENERASJONAR



ELISABETH FAUSKANGER

Alder: 47 år

Kjem frå: Sokndal

Bur no: I Sagvåg

Familie: Gift med Dag-Ove,
mor til Ole Magnus (22),
Erlend (20), Lars (18)
og William (11)

Aktuell: Nytilsett
kyrkjelydspedagog i
Stord og Nysæter kyrkjelydar

Elisabeth Fauskanger er ny kyrkjelydspedagog i Stord og Nysæter kyrkjelydar.

Kyrkja sin lærar

Kyrkjelydspedagogen er «kyrkja sin lærar», og har ansvar for det som skjer i kyrkja for barn og unge. – På same måte som nyfødde må lære livet å kjenna, må borna lære å kjenna den trua dei er døypte til,

seier Elisabeth Vatland Fauskanger. Den ferske kyrkjelydspedagogen ynskjer at trusopplæringa skal utrusta til kristen tru, skapa engasjement og opna kyrkja for nye generasjonar.

Erfaring frå søndagsskulen

Ho har mykje ho vil ta med seg frå jobben som søndagsskolekonsulent i Sunnhordland og på Haugalandet i 15 år.

– Eg tek med meg søndagsskulen sin

barneteologi, formidlingsopplegget Sprell levande, erfaring med å formidla til alle generasjonar, erfaring frå planlegging og gjennomføring av arrangement. Og ikkje minst det å samarbeida med dei frivillige leiarane.

Å få vera den ein er

– Kva er det du likar med det å arbeida med barn og unge?

– Eg likar både deira spontanitet, glede og initiativ. Eg likar at dei er ærlege, og at eg heile tida må vera «på» og tenka på kva eg seier og gjer for å fengja barna.

– Kan kyrkja bety noko for barn og unge i dag?

– Me lever i eit samfunn som krev mykje av oss, det opplever både born, ungdom og vaksne. Det gjeld både på skulen og i fritida. Jesus seier «Kom til meg» og stiller ikkje prestasjonskrav. Eg håpar kyrkja kan vera ein stad det er godt å koma til og vera akkurat som ein er.

Kyrkje for heile familien

– Kva for oppgåver vil du særleg ha fokus på?

– Eg er enno i startgropa, og mange tankar skal tenkast og diskuterast

før me har staka ut kursen. Då trusopplæringsreforma kom, var det stort fokus på breiddetiltak éin gong i året for kvart alderstrinn. Eg trur tida er komen for å tenka meir kontinuitet og at me må sjå på høve for samlingar for heile familien.

– Kva kan barn og unge på Stord sjå fram til i kyrkja i tida framover?

– Me skal ha utdeling av bok til fireåringane, tårnagenthelg, lys vaken og konfirmasjon. Men eg håpar me og skal få til jamlege treff for småbarnsforeldre, barnefamiliar og unge. Eg ynskjer eit godt samarbeid med søndagsskular og barnegrupper. Og så håpar eg me får til gudstenester for heile storfamilien der både barn, unge og vaksne er med og bidrar.

TEKST: SVEIN OLAV LANGÅKER
FOTO: BARBRO HØYLAND ANDERSEN

**Eg ynskjer at
trusopplæringa
skal utrusta
til kristen
tru, skapa
engasjement
og opna
kyrkja for nye
generasjonar**

”





Populært babysongtilbod

Babysong i kyrkja er eit trusopplæringstiltak der kyrkja ynskjer å invitera til eit fellesskap for foreldre og babyar.

- Det har berre auka på jamt og trutt med fleire som vil vera med, fortel Ingborg Hatlevik Ørjasæter. I vår har ho vore vikar for kyrkjelydspedagogen og leia babysongsamlingane.
- Det er veldig kjekt at så mange kjem. Det seier noko om at dette er viktig for folk, held ho fram.

Annankvar måndag førebur ho og temaet hennar av frivillige storinnrykket: Matter blir lagt på golvet, trommer, rytmeegg og andre enkle instrument blir funne fram, kaffi vert kokt og bord vert dekte. Så kjem barnevognene trillande inn, ei etter ei. Både store og små blir tekne imot i døra og ønskt velkommen.

- Me nyttar regler og syng enkle songar. Så avsluttar me alltid med ei kveldsbøn før me syng velsigninga og blæs såpebobler over barna. Det er alltid like fint, legg ho til.

Siste samling for dette halvåret har alt vore, men til hausten startar babysong opp igjen i august. Då er det berre å komma innom for alle som er heime med babyar.

FOTO OG TEKST:
BARBRO HØYLAND ANDERSEN





BARNAS SIDE

**Bli med i
trekninga
av
3 flaxlodd!**

Send inn dei
10 namna i
rutenettet på
Barnasside til



elisabeth@
kyrkja-stord.no

**MERK i
emnefeltet med:
KONKURRANSE**

Svarfrist: 20. juni




Finn fem feil! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Fargelegg!

Bartimeus var blind. Då Jesus kom forbi, ropte Bartimeus på han. Jesus ga han synet tilbake.



Teikningar: Kari Sortland

Finn 10 jentenamn!

I rutenettet under har vi gøymt ti jentenamn. Namna står bortover og nedover. Klarar du å finne alle saman?

J	A	K	A	L	I	T	E	A
U	M	U	L	I	E	I	E	M
V	Ø	L	P	N	V	R	M	A
S	M	E	I	N	I	I	M	K
I	S	A	B	E	L	L	A	O
R	O	T	E	A	D	Y	K	K
I	F	A	T	U	E	K	N	O
L	I	N	O	R	A	M	A	L
S	E	N	K	V	S	A	S	I

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



Vitsar

Ein turist kom til Bergen på en regnversdag. Han spurde ein gut som gjekk forbi:
– Sei meg, regnar det alltid her?
– Eg vet'kje, svarte gutten, eg e bare elleve år.

Audun hadde byrja i første klasse og skrytte til læraren sin:
– Pappa og eg veit alt!
– Ja vel? Kva heiter hovudstaden i Mongolia, då?
– Det er det pappa som veit.



Kveldssamling i Stord kyrkje

Kveldssamlingane i Stord kyrkje er godt besøkt, og det ser ut til at det er mange som set pris på kombinasjonen bibelundervisning, nattverdsfellesskap og kveldsmat i kyrkja. Til hausten blir det nye samlingar, ein torsdag i månaden.

Familiegudstenester

I begge kyrkjer er det familiegudsteneste om lag ein gong i månaden. Her er bilete frå ei familiegudsteneste i Stord kyrkje tidlegare i vår. Når det er familiegudsteneste er det alltid mykje som skjer og noko fint å få med seg både for liten og stor.



Tårnagentar i Nysæter kyrkje

Helga 4.- 5.mai var 15 ivrige tårnagentar på plass i Nysæter kyrkje.

Me skulle mellom anna finna ut kvifor det er så mange kors i kyrkja og kor høgt det er under taket. Bibelforteljinga handla om korleis 5 brød og 2 fiskar kunne bli nok mat til mange tusen menneske. Eit agentoppdrag med Kims leik og balansering gjekk fint før samling med song og bibelforteljing. Ei

spennande symboljakt i kyrkja på leit etter detaljar engasjerte. Eit agentoppdrag for å finna ut kor høgt det er under taket blei løyst ved hjelp av ballongar fylt med helium. Søndag åt me frukost i kyrkja og førebudde gudsteneste saman med prest og organist. Takk til gode hjelparar og ivrige tårnagentar for ei flott helg!

TEKST: ELISABETH FAUSKANGER
FOTO: KJELLAUG S. EIDE



Andakten

Kva med å ta imot når eg ikkje vil ha noko? Når eg berre vil ha fred?

Å ta imot det som Gud vil gi. Det er nerva i i trua sitt liv. Det er den djupe meininga i livet, bakom alt anna. Det er tru.

Å ta imot det som Gud vil gi! Javel? Kva så når eg ikkje veit om eg treng noko? Eg vil ha noko! Eg vil ikkje ha seljarar på telefonen, eller reklame på døra, eller kyrkjeblad i postkassa. Eg vil berre ha fred.

Fred? Lat det vere di bøn, då. Vær stille ein augneblink, lytt, sjå etter. Herren Jesus kjem deg i møte og seier: «Fred gjev eg dykk, min fred...»

SOKNEPREST JØRGEN KNUDSEN




Salmen min



Eg vel meg salmen «Dei skal gå til den heilage byen», ein helgemessesøndagsalme. Midt i det vonde med å mista den ein har kjær, kjem denne nydelege salmen med håp og trøyst for det evige livet.

DIAKON LISBETH NYGÅRD



” Dei skal gå til den heilage byen,
dei skal samlast i himlen ein gong.
Dei skal undrande gå gjennom porten
til ei ukjend verd
til eit anna liv.
Dei skal syngja, syngja, ja, syngja
ein ny, jublande song.

FRÅ NORSK SALMEBOK NR. 272

Tusen takk til støttespelarane våre!

Me er svært takksame for alle dei gode støttespelarane i næringslivet som med ei annonse her gjer det mogeleg for Stord og Nysæter kyrkjelydar å gje ut kyrkjebladet.



Almaas Hotell Stord



Leirvik Elektro

Lokal fagkunnskap



Din egen kraft



anleggsgartner.no

JOSTEIN GRIMSBØ T: 97789400



STORD



RØRLEGGING • LEKKASJEKONTROLL • GRAVING • RØRINSPEKSJON

Telefon: 414 78 787 • E-post: larhe-an@online.no



post@interiorservicestord.no/tlf 98205395



**STORD
BEGRAVELSESBYRÅ**



VALVATNE

post@valvatne.no/ tlf 53402060

Me treng fleire på spleiselaget!

Ynskjer du annonse i bladet? Gje oss i redaksjonen ei melding på epost: spira@kyrkja-stord.no

Annonse plass
for di
bedrift?

Annonse plass
for di
bedrift?

Annonse plass
for di
bedrift?

Annonse plass
for di
bedrift?

Annonse plass
for di
bedrift?

Annonse plass
for di
bedrift?

Vil du bidra med ei gåve?

Likar du det du ser og les? Me har ein plan om å gi ut to nummer i halvåret. For å få dette til treng me både annonsørar og glade gjevarar.

Du kan gi ei gåve ved å bruka Vipps (sjå nummer nedanfor)

Du kan også støtta arbeidet med ei innbetaling merka "SPIRA" til kontonummer 3201.23.04578

TAKK for gáva!

Du kan
betale med
vipps

#124653 Stord sokn
#124663 Nysæter sokn
Merk gáva di med "SPIRA"



Kyrkja i Stord og Nysæter
Følg oss på Facebook!

Kyrkjevalet

*Di kyrkje
Ditt val
Stemma di tel*

kyrkjevalet.no



DEN NORSKE KYRKJA

Bruk røysteretten!

8.-9. september 2019 er det val til nye sokneråd i Den norkse kyrkja. No er kandidatlistene klare:

Stord sokneråd

1. Anders Dahl, Storasetto, f. 1987
2. Ingeborg Islaug Hatlvik Ørjasæter, f. 1986
3. Dag Sele, f. 1964
4. Sigrunn Ljosland, f. 1985
5. Egil Petterteig, f. 1973
6. Sigrid Beate Tveit Eskeland, f. 1972
7. Dagfinn Koppang, f. 1980
8. Kirsti Angvik Frugård, f. 1956
9. Signe Wiersen Vorland, f. 1953
10. Arne Rygg Drønen, f. 1966
11. Erik Østang Nielsen, f. 1984
12. Oddlin Stave Aadland, f. 1951
13. Johannes Vallestad Lamo, f. 1999
14. Dag Kjetil Lægheid, f. 1960
15. Nils Dahle Elde, f. 1945

Nysæter sokneråd

1. Marit Stalheim Grimstad, f. 1967
2. Ingebjørg Råheim Grønsdal, f. 1944
3. Lars Heine Kaldefoss, f. 1961
4. Oddbjørg Kringlebotten Løkling, f. 1952
5. Randi Bod Haugsdal, f. 1945
6. Katrine Valvatne Kvernes, f. 1986
7. Jens Arne Stautland, f. 1950
8. Karen Marie Valvatne, f. 1961
9. Marta Kristin Valvatne, f. 1956
10. Kristine Wiersen, f. 1988